

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Skav.* Fylke: *Rogaland*  
 Tilleggsspørsmål nr. *til 7* Herad: *Furustad*  
 Emne: *Skav.* Bygdelag: *Vindastromen*  
 Oppskr. av: *Perik. Skiperud* Gard: *Rønnevik*  
 (adresse): *Rønnevik* G.nr. *99* Br.nr. *1*  
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *ja.*  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. At krøterhandlarane betalte meir for kyr som var fora med skav, har eg ikkje høyrd gjete her. Men eldre folk sa aldtid, at krøtera tok seg betre i fjellet om sumaren, om dei var fora med noko skav om vinteren. Dei hadde liksom meir nytte av fjellbeita, nytta dei betre ut.
2. Nei, dette er framant for meg, trass i at her var mange som ~~fora~~ fora med skav, so å seia av alt slag lauvskog.
3. Ja, mjölka vert sterk for kalvar og smågriser, so dei vilde få skjeta, magasykja. Dette var serleg når ein fora med skav av osp og raun og gav mykje. Skav av eik og ask og andre lauvslag gav ikkje mjölk, som kalv og gris nauda av.
4. Her skov dei mykje etter som dei var stelte med for og mest skaving vert det som oftast i vårknipa.  
 Det var fyrst etter jol, at tyngda av skavinga tok til, Skavet vert då ofta gjeve dyra saman med anna skogafor, som beit og lyng. Dyra liksom åt det betre, når det vart blanda-meir alsidigt, det må ha skjerpa appetitten.  
 For malkekyrne var det som regel eit mål til dagen med skogafor-kveldsmålet. For gjældkyr og ungnaut kunde skogaforet og vera 2. mål til dagen, gjerne med litt halm attåt. Dei fora 3. gonger om dag. Morgon, middag og kveld.  
 Ja, det var mange stader, at dei fødde både eit og to naut meir om dei heldt attåt med skav hell anna skogafor.



5. Dette kjenner eg ikkje til her. Det som vert nytta til å skava med her, var helst ein avbroten og utsliten langorvljå 40,50 cm lang og med ei filla rundt der som ein heldt han fast i høgre handa, namnet var skävljåen.

Den ytre enden på skavljåen, heldt ein bort åt ein staur som var reist på ende i det romet ein skov. Sume skov inne i stova og då heldt gjerne han som skov ljåen attåt sengekanten istaden for staur. Sume arbeidde seg skavkrakk.

Krakken var ein 80 sm. 3 tums tjukk plankende med 4. föter under. So fant dei ein passande vinkelkrok og stemde inni på framsida på krakken. Den stod ut frå krakken enn 40 cm og med vinkelen opp enn 30 sm. Denne vert so ljåen stytta attåt når ein skov. Til større tre vert nytta bandakniv og då heldt ein til ute-gjerne i skogen.

~~Stuane~~ Stuane som einkjylte 8-10-12 år millom, vert kalla markastuar, markagreiner og ei markabör. Ein sa, "han var avstad og fann seg ei markabör. Dette vert so skove og den avskovne borken vert kalla skav. og veden skjevlar. Dette vert sers god ved, dåvist av eik og ask. Han turka fort og brann godt.

6. Stauren vert sett fast frå golvet og oppunder ein bjelke i huset der ein skov, når ein var ferdug med skavinga tok ein stauren vekk. Sjå hellest under spursmål 5.

7. Her hadde storparten av bönderne markaskog, husmänner og dei som hadde lite fekk oftast lov å ta mork i utkantene av skogen til dei som hadde rikeleg markaskog. "oko direkte betaling eller leiga har eg ikkje høyrd gjete, men dei gav gjerne ein arbeidsdag hell to til dem dei tok mork hell lauva sjå. Dei tok gjerne lauvet av trene i august-september og so skov dei greinerne utetter hausten og vinteren.

8. Ja, når ein eignedom vert skift, so skulde alle parter ha ha lauv- og markaskog, denne kunde gjerne liggja i ein teig for seg sjölv, men har ikkje vore aktuelt dei siste 40-50 åra.



Tillegsspørsmål til emne nr. 7 .

9. Her i bygda finst ikkje almenning.
10. Ja, i utkantene av eignedomen. Husmennene hadde ofta kvar sin lauv-og markateig.
11. Nei, skavhella kjenner eg ikkje til, men skavstein og skavsteinsfjellet er her. Det er klæberstein, som ein kan skava til mjöl med ein kniv. Dette vert nytta istaden for barnepudder i eldre tider.
12. Kjenner ikkje til dette her.